

# Årsmelding for 2015 - Læringscenteret Gol

## OPPGÅVER OG AKTIVITETAR

Læringscenteret Gol har i 2015 gjeve opplæring på 3 område: grunnskule for vaksne (§4A-1), spesialundervisning (§4A-2) og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Skulen organiserer og ein opplæringsdag i veka for deltakarar på introduksjonsprogram.

Skulen har i 2015 og etablert eit testapparat for realkompetansevurdering på grunnskulens område (RKV), og vi har realkompetansevurdert 5 personar.

På hausten fikk vi ein ny utfordring: opplæring av einslige mindreårige asylsøkjjarar (EMA) busett i Hemsedal. Etter mange drøftingar med Hemsedal kommune kjem skulen til å halde fram med opplæring av denne gruppa hausten 2016, også dei som er i den yngste aldersgruppa, 15-16 år, som eigentleg høyrer til 10.klassetrinn.

### 1. Opplæring for vaksne på grunnskulens område - Opplæringslova § 4A-1

Læringscenteret Gol gjev grunnskuleopplæring for vaksne til dei som søker og som oppfyller kriteria for å få rett til slik opplæring. Det er inngått avtale med alle dei andre Hallingdals-kommunane om at Læringscenteret skal gje tilbod om eit standardisert løp på 2 år som fører fram til avslutta grunnskole. Alle kommunane er likestilte partnerar i dette samarbeidet og deler kostnadene. Den eksisterande avtalen blir automatisk vidareført inntil ein av partane seier opp avtalen.

Vedtak om opplæring etter §4A-1 kan også gjelde tiltak av mindre omfang, for eksempel opplæring i grunnleggjande ferdigheiter.

Det har dei tre siste åra vore behov for eit tredje år, med ei innføringsgruppe, og skulen har organisert det utan at det har vore omfatta av avtalen. Det er skriva eit nytt utkast til avtale med ein modell som går over tre år. Avtaleutkastet er sendt rådmennene for godkjenning (mars 2016).

Ved utgangen av 2015 var det 25 deltakarar i grunnskule for vaksne, det høgaste talet nokon sinne. Talet var delt på 3 grupper – 5 deltakarar i innføringsgruppa, 11 deltakarar i år 1-gruppa (G1) og 9 deltakarar i år 2-gruppa (G2). To andre deltakarar har slutta i løpet av hausten/vinteren. Nivået til deltakarane kan vere ulikt i dei ulike faga slik at ein deltakar kan vere på G1-nivå i eit fag og G2-nivå i andre fag. Timeforbruket ved utgangen av 2015 var 86 t/v, rådgjevartene og kontaktlærartimar medrekna.

### 2. Realkompetansevurdering på grunnskulens område

Men den store straumen av flyktningar som kjem til landet er det eit poeng at dei som har kompetanse kan gå fort gjennom vårt skulesystem og ut i arbeid. Det kan dei ved at vi gjennomfører ein realkompetansevurdering (RKV) av dei på grunnskulens område. Om dei har rett til grunnskule for vaksne, har dei og rett til RKV. Vi kan gje karakteren godkjent på dei ulike faga når kandidaten syner eit nivå lik karakteren 2 eller høgare. Desse resultatane kan først i eit kompetansebevis som erstattar vitnemålet.

Ein slik RKV er omfattande og tek tid. Læringscenteret kan sende refusjonskrav til samarbeidande kommunar når dei sender kandidatar til RKV. Eit avtaleutkast om dette skal skrivast og sendast til rådmennene til godkjenning.

### 3. Spesialundervisning - Opplæringslova § 4A-2.

Læringscenteret Gol gjev tilbod om spesialundervisning for vaksne individuelt eller i gruppe, i samsvar med individuell opplæringsplan for den einskilde. Når ein deltakar ikkje kan gjøre seg nytte av den ordinære

opplæringa som gis etter §4A-1, kan vedkommande ha rett til spesialundervisning etter §4A-2. Vedtak om slik opplæring fattast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

I 2015 har skulen hatt 6 elevar med spesialundervisning. Tre av dei hadde eit tilbod i gruppe. Dei tre og ein einskild slutta ved skuleårets slutt i juni, men ein ny elev har begynt i løpet av hausten. Nes kommune kjøper tenester til opplæring av den sjette eleven. Ved utgangen av 2015 brukte skulen 8 t/v til spesialundervisning etter §4A-2.

Ein annan elev hadde spesialundervisning skuleåret 2013-2014, men ikkje skuleåret 2014-15. Denne eleven blei meldt inn att til PPT i løpet av hausten 2015. Det er å vente at timetalet kan auke igjen frå hausten 2016.

Læringssenteret Gol administrerer logopedi og afasibehandling for vaksne og gjer avtale med HELFO om refusjon av utgiftene til behandling.

#### **4. Opplæring i norsk og samfunnskunnskap - Lov om Norskopplæring for nyleg komne innvandrarak medrekna asylsøkjarak**

Alle innvandrarak i dei 4 nedre Hallingdals-kommunane får si opplæring i norsk på Læringssenteret etter avtale om eit formalisert samarbeid mellom Gol, Flå, Nes og Hemsedal. Kommunane mottar tilskot til opplæringa, og Læringssenteret sender refusjonskrav til kommunane på dei same beløpa. Den eksisterande avtalen er frå 2010, og den blir automatisk fornya inntil ein av partane seier opp avtalen. Avtalen treng fornying, og ein ny og oppdatert avtale er sendt rådmennene for signering (mars 2016).

Læringssenteret Gol gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap for alle innvandrarak, både asylsøkjarak, dei som har rett og plikt til 600 timer (busette flyktningar og familiesameinte) og dei som må betale (arbeidsinnvandrarak).

For dei busette og arbeidsinnvandrarak tar tilbodet sikte på at deltakarane kan gå opp til og bestå Norskprøven på rett nivå.

Asylsøkjarak i mottak har og rett til norskopplæring – inntil 250 timar. Mange av mottaksbebruarane skifter status frå å være asylsøklar til å få opphaldsløyve. Dei får då dei same rettane som busette, rett og plikt til 600 timar.

Ved utgangen av 2015 var det ca. 75 deltakarar på dei ordinære gruppene (grupper med busette flyktningar, familiesameinte og arbeidsinnvandrarak), og talet har auka i 2016. Det var 89 deltakarar frå mottaka, og ca. 55 namn stod på venteliste. Dei er no tekne inn. Timeforbruket ved utgangen av 2015 var 141 t/v til gruppene med dei busette og ca. 70 t/v til mottaksgruppene.

#### **5. Introduksjonsprogram for innvandrarak - Lov om introduksjonsordning**

Alle busette flyktningar deltar på introduksjonsprogram. Dei skal ved avslutninga av programmet ha nådd mål om norskopplæring, vera i løna arbeid eller i kvalifiseringstiltak i regi av NAV eller ha byrja på vidare skulegang. Norskopplæringa er den viktigaste delen av programmet, og ved inngangen av 2015 vart ein avtale med NAV signert som regulerer samarbeidet om programmet. Læringssenteret og NAV har i mange år samarbeidd om innhaldet i programmet, men den nye avtalen regulerer ansvarsfordelinga betre mellom NAV og Læringssenteret.

Det er tilsett ein koordinator i 60% stilling til formålet. Koordinatoren samarbeider med flyktningkonsulentane. Alle deltakarar på program mottar introduksjonsstønad, og dette blir dekt av integreringstilskotet.

Programdeltakarar som ikkje har språk- eller arbeidspraksisplass, deltek på koordinatorens temadag på tysdag. Det gjeld deltakarar frå alle dei fire samarbeidande kommunane. Dei som er heilt nykomne deltek i ekstra begynnropplæring med andre lærarak inntil dei har lært nok til å delta på koordinatorens temadag.

Ny avtale som regulerer kostnadene for dette arbeidet er sendt rådmennene for signering (mars 2016).

## **6. Opplæring av einslige mindreårige asylsøkjjarar**

Hausten 2015 vart det busett ei gruppe einslige mindreårige asylsøkjjarar på mottak i Hemsedal. Dei er i alderen 15-18 år, og dei har krav på grunnskuleopplæring. Den yngste aldersgruppa, 15-16 år, høyrer eigentleg til 10.trinn på ungdomsskulen og har rett til det same timetalet og dei same faga. Men alle treng mykje norskopplæring den fyrste tida, og Læringsssenteret kjem til å halde fram med opplæring av heile gruppa.

Opplæringa har vore under utprøving, utvikling og endring sidan starten. Nokre går i eigen gruppe medan andre går i grupper med andre vaksne. Skulen vil gje alle opplæring i minimum 20 t/v, og dei yngste bør ha 30 t/v.

Kostnadene blir ført med eigen kode, og Læringsssenteret sender refusjonskrav basert på utskrifter frå rekneskapet. Læringsssenteret ventar på utkast til avtale frå Hemsedal kommune.

## **7. Oppsummering oppgåver og aktivitetar**

Elevtalet ved Læringsssenteret har auka mykje. På hausten vart det ein heilt spesiell situasjon. Det var venta at mottaket på Nes skulle leggjast ned, og skuleåret starta med stram lærarbemannning. Vi trudde at elevtalet skulle gå ned, og lærarsituasjonen ville lette noko. Men så eksploderte flyktningstraumen til Europa, og mottaket på Nes fekk ny kontrakt. Oppå dette auka både mottaka kapasiteten, og EMA-ungdommane kom i tillegg. Plutseleg hadde Læringsssenteret 90 namn på venteliste. Pr mars 2016 er det 256 aktive deltakarar ved Læringsssenteret.

Kapasiteten i våre lokale på Lysebo har lenge vore sprengd, så Læringsssenteret starta hausten med å leige to ekstra rom på Hallingssenteret, og seinare på hausten tok vi i bruk eit rom til. For EMA-ungdommane måtte vi leige to rom på Moen Camping i Hemsedal. Det skjedde i november. Dette har ført til at personalet har jobba på tre ulike plasser. I løpet av mars 2016 har vi klart å avvikle bruken av dei to romma i Hemsedal, og ungdommane er ført til Gol.

Vi måtte auke bemanninga med opp mot 700%. Å få tak i lærarar med godkjend pedagogisk utdanning etter at skuleåret har starta, er inga lett oppgåve, og fleire hadde oppseiingstid. 9 lærarar har blitt tilsett over ein periode på 4,5 månadar. Vi har måtta fylle posisjonane med pensjonistar og lærarar utan godkjend utdanning til alle tilsetjingane hadde falle på plass. Pr mars 2016 er det 25 lærarar i staben. I august 2015 var det 16. Alle dei nye stillingane som er blitt oppretta denne vinteren er berre mellombelse, og dei er blitt lyst ut på nytt februar 2016.

Lenge har Læringsssenteret hatt for få heimlar til alle dei tilsette. I samband med budsjettbehandlinga for 2016 blei det fremma eit forslag om fleire nye heimlar. Forslaget gikk gjennom, men med enda meir auke treng vi enda fleire heimlar. Ny sak med forslag om enda fleire heimlar må fremjast i samband med budsjettbehandlinga for 2017.

I denne situasjonen med både nye deltakarar og grupper og fleire lærarar har det vore vanskeleg å løyse rom-kabalen. Enkelte lærarar har i korte periodar måtta dele arbeidsplass eller klare seg utan arbeidsplass. Pauserommet har heller ikkje vore stort nok til at alle har kunna ete samstundes.

Oppå denne situasjonen har det vore sterkt press frå personalet om å gjøre noko med lokalitetane på Lysebo. Mellom anna blei det gjort ein gjennomgang av Miljøretta Helsevern, og eit par av romma vart erklært ikkje egna til undervisning. Vi har strevd mykje for å unngå å bruke dei, men det har vi ikkje greidd heile tida.

Frå hausten 2015 er skuleåret delt inn i 4 terminar. 1., 2. og 3. termin har ei lengd på 10 veker, og den 4.terminen er 8 veker. Dette er gjort for å skape større ro rundt elevsituasjonen i kvar gruppe når terminen

har starta og for å overhalde fristen på 3 månader som vi har for å gi eit tilbod til nykomne busette. Nykomne busette og andre søkjarar står på venteliste frem til terminen startar.

Læringscenteret har og oppretta eit eige team som tek seg av all kartlegging. På den måten blir det lik vurdering av alle nye søkjarar. Det er satt av 6-8 timar pr. veke til dette arbeidet.

I personalet har det og vore stor usikkerheit om kor vi skal vere frå hausten 2016. Det synte seg tidleg at dei påtenkte lokala til ungdomsskulen vart for små. Vedtak om at vi skal overta bygget til Gol skule kom ikkje før i desember. Mange var vonbrotne over at det ikkje blei ungdomsskulebygget. Generelt kan ein seie at det i personalet har vore ein kjensle av at Læringscenteret ikkje har vore inne i planlegginga i all arbeidet med den nye 1-10 skulen på Gol. Personalet har kjent seg svikta av administrasjonen i Gol kommune og føler dei har måtta kjempe for å få gehør for sine behov.

Læringscenteret har ein administrativ ressurs på berre 180% som er fordelt med 100% på rektor og 80% på inspektør. Arbeidspresset på administrasjonen har vore stor med så mange fleire deltakarar og lærarar. Vi har heile tida måtta endre timeplanen. Mengda arbeid har vore så stor at det har vore vanskeleg å utføre alle oppgåver. I april 2016 tilset vi ein sekretær i 100% stilling. Vi håper og at den nye kommunalsjefen som tiltrer i 2016 kan lette på presset.

Den store auken i talet på deltakarar og lærarar gjør det naudsynt å sjå nærare på korleis vi organiserer oss internt. Til dømes: skal vi ha team med team-leiarar? Treng vi ein inspektør til? Ein rekke slike spørsmål bør vi stille. HaVa har denne våren starta ein HMS-prosess med personalet, og i den prosessen må vi sjå nærare på korleis vi skal handsame alle endringane. Flyttinga til nytt bygg kjem også midt oppi dette.

Med auke i talet deltakarar har også tilskota til opplæringa i norsk og samfunnskunnskap auka, og Gol kommunes kostnader til opplæringa har ikkje auka. Kostnadane til grunnskuleopplæringa blir fordelt mellom dei seks kommunane i Hallingdal, og opplæringa av EMA-ungdommane sender vi refusjonskrav for til Hemsedal kommune. Nytt er at vi nå også kan sende refusjonskrav til samarbeidande kommunar for å dele kostnadane til introduksjonsprogrammet på temadagen og i skuleferiane, og at vi kan sende refusjonskrav for dei som får realkompetansevurdering.

## ØKONOMI

### Fordeling - rekneskapsartar (heile 1.000 kr)

	R 2013	Just B 2014	R 2014	Just B 2015	R 2015
Sum driftsutgifter	12 816	13 948	14 886	17 923	15 852
Sum driftsinntekter	-10 642	-12 154	-12 114	-13 651	-19 442
Netto finansutg.	757	906	-150	-1 572	4 227
<b>NETTOUTG.</b>	<b>2 931</b>	<b>2 700</b>	<b>2622</b>	<b>2 700</b>	<b>637</b>

Tabellen ovanfor syner ein reduksjon i nettoutgifter frå 2014 til 2015. Driftsinntektene, dvs. statstilskota til norskopplæring saman med refusjonskrava, har auka med meir enn 5 millionar kroner, frå kr 13.446 til kr 18.653, på eitt år. Det skuldast hovudsaklig auken i talet på asylsøklarar i mottaka. I rekneskapsarten er eit stort beløp på ca. 6 millionar er satt til side på fond.

Overskotet er ikkje venta å bli like stort i 2016. Mykje av auken i tilskotet til asylsøklaropplæringa har kome i 2015, medan lærarkostnadane har auka berre dei 2 siste månadane. I 2016 får vi auka lærarkostnader for heile året. Samstundes vil nokre av asylsøklarane få opphaldsløyve, og då vil kommunane få 1steårs-beløpet av persontilskotet for dei same personane. I tillegg vil mange av desse personane reise, og nye asylsøklarar komme til. Læringscenteret vil få eit auka tal asylsøklarar med ei nytt mottak i Gol kommune, men det auka timetalet til undervisning er nesten allereie dekt med den berekna bemanninga.

Å berekne budsjett for Læringscenteret kan aldri gjerast ut frå talet på stillingsheimlar. Det er til ein kvar tid det venta elevtalet og dei venta tilskota som må vere grunnlaget for budsjettet. Men det er alltid stor usikkerheit rundt desse tala. Likevel er ein ikkje uroa for budsjettåret 2016. Tala har kvart år synt at tilskota har dekt alle kostnader.

Noko av overskotet frå 2015 saman med overskot frå tidlegare år er venta å kunne bli brukt i samband med flyttinga til nytt skolebygg hausten 2016.

#### Utvikling løn og sosiale utgifter korrigert for refusjonar sjukefråvær (alle tal i heile 1.000 kr):

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Netto-løn:	6.095	8.412	10.117	10.986	9.869	11.017	13.504

Ingen særskilte kommentarar. Det er berekna enda større lønskostnader i 2016 (sjå omtalen av bemanningsauken ovanfor).

Alle Læringscenterets kostnader, med unntak av grunnskuleopplæring og spesialundervisning, blir dekte av tilskot og refusjonskrav. Berre det overskytande etter kostnadsdekninga blir sett av til fond. Etter 2015 er meir enn 5 mill. satt av til fond. Dette beløpet er ikkje Gol kommunes pengar. Mykje av det skuldast store tilskot til nabokommunar på grunn av asylmottaka der.

#### FRÅVÆR

Dei to fyrste tabellane er gamle tal.

#### TOTALT FRAVÆR ÅR FOR ÅR:

	2011	2012	2013	2014
Læringscenteret	6,0 %	7,3 %	3,2 %	1,0 %

#### KORTTIDSFRAVÆR ÅR FOR ÅR:

	2011	2012	2013	2014
Læringscenteret	1,1 %	2,0 %	2,0 %	0,9 %

Frå 2015 alle tal for ansvar 3156 ført over til 3150 (både drifts- og lønskostnader og fråværestal). På ansvarsområdet 3151 er det tilsett berre ein person i 60% stilling, og han er sjeldan sjuk, så i 2015 ser talet slik ut.

Ansvar	Ansvarsbegrep	Evt. endringer	Stillingsh. (2015)	Fråvær 2015
3150	Gol Vaksenopplæring		}	3,4 %
3151	Introduksjonsprogram			
3156	Asylsøkjaropplæring			

Ingen særskilte kommentarar. Vi hadde ein svangerskapspermisjon fyrste halvåret i 2015. Deretter fikk me ein langvarig sjukemelding i september. Denne personen kom tilbake til 20% arbeid i november, og seinare vart det auka til 40%. Vedkommande blir pensjonist i 2016. Elles syner tala overraskande lågt fråvær på Læringscenteret når ein tenkjer på dei fysiske tilhøva i Lysbo og på det arbeidspresset som har vorte lagt på dei tilsette i samband med auken i talet på elevar og tilsette.

## Administrative mål og tiltak

### MÅL OG MÅLOPPNÅING 2015

Ulike mål for 2015 vart oppfylt såleis:

- Ny avtale om norskopplæring. Utkast til ny avtale har igjen vorte omskriven, og pr. mars 2016 ligg den ute til signering hos rådmennene.
- Det har vore samtaler med rådmennene om bruken av tenestene til Læringscenterets flyktningkoordinator og kostnadsfordeling. Pr. mars 2016: utkast til avtale ligg ute hos rådmennene til signering.
- I diskusjon med rådmennene har me vorte enige om ikkje å lage avtale om målgruppa elevar med vedtak om 11.skuleår, berre at Læringscenteret kan vere samtalepartner i spesielle høve.
- Grunnskulemodellen blei utvida med ei innføringsgruppe skuleåret 2013-2014. Timetalet til denne gruppa vart skuleåret 2014-2015. Inneverande skuleår enda meir. Nesten alle faga i grunnskulemodellen vår er no parallell-lagt på dei tre nivåane, utan at det er omfatta av avtalen mellom kommunane om grunnskule for vaksne. Etter diskusjonar med rådmennene er det no utarbeidd eit nytt utkast til avtale, og pr. mars 2016 ligg den ute hos rådmennene til vurdering og eventuell signering. Det nye utkastet har eit timetal for tre nivå.
- Timeplanen for grunnskulen har vorte betre med meir spreiding av faga og parallell-legging.
- Grunnskulepersonalet har arbeidd vidare med materiell til realkompetanse-vurdering og har gjennomført RKV på fem kandidatar. Det må utarbeidast ei avtale for kompensasjon for arbeidet og refusjon, for dette kjem i tillegg til det ordinære arbeidet med grunnskuleundervisning. Det er gjeve klarsignal for utarbeiding av ei slik avtale frå rådmennene, og i løpet av april 2016 vil eit utkast bli presentert.
- Sak om fleire stillingsheimlar vart skriven og godkjend i samband med budsjettbehandlinga for 2016.
- Plangruppe vart oppretta hausten 2015 med tre representantar frå personalet i tillegg til inspektør og rektor.
- Kartleggingsteam vart oppretta hausten 2015 med to lærarar og ein timeressurs på 6-8 timar pr. veke.
- Inndeling av skuleåret i fire terminar er innført frå hausten 2015.
- Styrkingsressurs er oppretta med to lærarar (som vart redusert til ein lærar grunna sjukdom) med ein timeressurs på 8 timar pr. veke.
- Grupper med deltakarar frå mottaka (asylsøkjjarar og mottaksbebuarar med opphaldsløyve) er no permanent skild frå dei busette i separate grupper.
- Det er kjøpt inn to iPad'ar som er gjeve ut til to lærarar. Oppdraget deira er å kartleggje kva appar som finst til bruk i opplæring av lese- og skriveferdigheiter.
- To lærarar har vore på kurs i vurdering på nivå B1/B2, i regi av VOX, og dei har formidla dette vidare til personalet.
- Læringscenteret leier ekstra lokale i Hallingscenteret (JAMO-bygget) frå hausten 2015 for å få plass til alle deltakarane frå mottaka. Denne leieavtalen vert avslutta i juni 2016.
- Læringscenteret måtte leie ekstra lokale i Hemsedal, på Moen Camping, for å huse to nye grupper med kursdeltakarar, einslige mindreårige asylsøkjjarar, som vart busett på mottak i Hemsedal i september 2015. Læringscenteret klarte å opprette eit undervisningstilbod til dei to gruppene.
- Hausten 2015 vart det gjennomført ein gjennomgang av Lysbo av representantar frå Miljøretta Helsevern. Det munna ut i ein rapport, og Læringscenteret har måtta ta grep i form av å stenge klasserom, stenge toalett og ta i bruk andre rom til arbeidsrom for lærarar.

- Nye NIR er teke i bruk av administrasjonen.
- Nytt fagadministrativt system, Visma Voksenopplæring, er kjøpt inn og vart installert i desember 2015. Pr. 1 mars 2016 er det teke i bruk og all føring av fråvær skjer no i det nye systemet. Det må meir opplæring og tilpassing til etter kvart.
- Det vart søkt i samarbeid med NAV søkt om prosjektmiddel frå IMDI til prosjektet: «Arbeidsrette introduksjonsprogrammet og norskopplæringa». Søknaden vart avslått.
- I desember 2015 vart det fatta politisk vedtak om at Læringscenteret overtek bygget etter Gol skule når dei flytter inn i nye lokale, i den nye 1-til-10 skulen.
- Arbeidet med nye lokale læreplaner for grunnskuletilbodet er tatt opp att, men ikkje avslutta. Det må fortsette.
- Læringscenteret har ikkje i særleg grad arbeidd vidare med **Vurdering for læring** i 2015. Det bør takast opp att ved seinare høve, men i 2016 vil mykje arbeid bli lagt ned i flytting til nye lokale og reorganisering av Læringscenteret.

### NYE UTFORDRINGAR I 2016

- Ny rektor overtek frå 1.8.2016.
- Forberede flytting til nye lokale hausten 2016.
- Innføring av smarte tavler i nye lokale m/opplæring i korleis ein bruker dei.
- Intern reorganisering av Læringscenteret
- Utarbeiding av ny fordeling av ansvarsområde og nye stillingsbeskrivingar. Mellom anna vert det tilsett sekretær i 100 stilling på våren.
- Auken i talet på elevar og tilsette gjer det naudsynt med ny politisk sak for enda fleire stillingsheimlar i samband med budsjettbehandlinga for 2017.
- Oppdatering av nettsidene om Læringscenteret på Gol kommunes nettsider.
- Kursing i realkompetansevurdering – kurs frå VOX.
- Kursing i opplæring i grunnleggjande ferdigheiter – kurs frå VOX.
- Vidare opplæring i bruk av Visma Voksenopplæring.
- Fullføring av nye læreplanar for fag i grunnskuleopplæringa.
- Arbeidet med vurdering for læring fortsetter.
- Vurdere å ta i bruk iPad i arbeidet med lese- og skriveferdigheiter. Tilbakemelding frå dei to lærarane som har arbeidd med to iPad'ar inneverande skuleår.
- Korleis kan ein nytte dei nye lokala til fleire praktiske aktivitetar, for eksempel starte elevbedrift.
- Utvikling og forbetring av samarbeidet mellom dei ulike instansane i Halingdal (Læringscenteret, NAV, flyktingtenester, OPUS, Karrieresenteret, VINN) om kva ein gjer med dei svakaste av dei busette for å unngå at dei blir permanente NAV-arar.

Bernt Fredus Kristiansen  
 Rektor, Læringscenteret Gol  
 Gol, 30. mars 2016